

Piano i overraskende god stand

24.11.2011



Då pianoet kom til Gamleskolen. Jon Harald Kjærland overleverer det til Janne Olsson, Uskedalen Utvikling

Det gamle pianoet, som var ei gåve frå Nelly og Jon Harald Kjørland er i overraskande god stand. Dette er stadfesta av Lars Storegjerde som nyleg har stemt det. Han har drege det opp i kammertone og det kan brukast til konsertar sammen med andre instrument.

Mekanikken går tregt og må reingjerast, men det kan lett la seg gjera med støvsuging og reingjering med trykkluft.

Ved stemming av så gamle instrument er det ein fare for at strengjer ryk. Då krevst det ein meir omfattande reparasjon.

No har Gamleskulen eit brukande instrument. I regi av den kulturelle spaserstokken vert det truleg lagt konsertar til møteplassen. Instrumentet er klårt for bruk for alle som måtte ynskja det.

Av Kristian Olav Bringedal